

Jakta på femininum i Latin-Amerika-norsk

Marie Lund Stokka

Universitetet i Bergen

marie.lund@uib.no

Genus er tidlegare studert både i norske varietetar i Noreg og i norsk arvespråk i Nord-Amerika (NorAmNo). I dette foredraget presenterer eg foreløpige resultat frå ein pågåande studie av grammatisk kjønn i ei anna gruppe av norske arvespråktalarar, nemleg norsktalarar i Latin-Amerika (LatAmNo), der majoritetsspråket er spansk. Resultata presenterte i dette foredraget består av elisiterte determinativfrasar frå ein tilpassa versjon av eit lingvistisk eksperiment nytta i studium av genus i norske dialektar (Busterud m.fl., 2019; Rodina og Westergaard, 2015) og bestemtheit i nordamerikansk norsk (van Baal, 2020), noko som utgjer eit godt utgangspunkt for samanlikning med andre varietetar av norsk.

I Noreg ser ein ein tendens til at talet på genus blir redusert frå tre (maskulinum, femininum og nøytrum) til to (utrum og nøytrum) (Conzett, Johansen og Sollid, 2011; Lødrup, 2011; Rodina og Westergaard, 2015; Busterud m.fl., 2019). Den tradisjonelle femininumskategorien fell saman med maskulinum til eit felleskjønn med maskuline former, likt som i dansk og svensk standardspråk. Orda som tradisjonelt har vore hokjønnsord utgjer derimot oftast framleis ein eigen bøyingsklasse som får bøyingssuffikset *-a* i bestemt form eintal (*en jente – jenta*).

Det har blitt undersøkt om ein liknande tendens er å finna i norsk arvespråk i Nord-Amerika (Johannessen og Larsson, 2015, 2018; Lohndal og Westergaard, 2016; Rødvand, 2017). Dette har derimot vist seg å ikkje vera tilfellet. I staden ser ein ei utvikling der maskulinum framleis blir brukt i tråd med norsk rettskriving, medan både femininum og nøytrum viser meir variasjon, og der maskulinum blir overgeneralisert til dei andre genera. Også i NorAmNo har bestemtheitsbøyinga halde seg stabil, og dei tradisjonelle hokjønnsorda utgjer framleis ein eigen bøyingsklasse med suffikset *-a* i bestemt form eintal.

Arbeidet mitt er framleis på eit tidleg stadium, men førebelse resultat viser at begge dei presenterte tendensane er å finna blant talarane av LatAmNo, men i mykje større grad enn i Noreg og USA. Hos nokre av talarane har systemet blitt redusert til berre eitt genus eller eit system med mykje variasjon, medan andre har eit fullt utbygd togenussystem. Det er derimot ingen av talarane som har eit tregenussystem eller ein systematisk hokjønnskategori. Slik skil talarane av NorAmNo seg frå både talarane av norsk i Noreg og talarane av NorAmNo. I bøyingssuffiksa ser ein spor etter femininum i form av ein viss førekomst av *a*-endingar, men også her finst der mykje variasjon, og *a*-endinga er ikkje like frekvent som i NorAmNo eller i Noreg.

Litteratur:

- van Baal, Y. W. H. (2020). *Compositional Definiteness in American Heritage Norwegian* [PhD-avhandling, Universitetet i Oslo].
- Busterud, G., Lohndal, T., Rodina, Y., & Westergaard, M. (2019). The loss of feminine gender in Norwegian: A dialect comparison. *The Journal of Comparative Germanic Linguistics*, 22(2), 141–167. <https://doi.org/10.1007/s10828-019-09108-7>
- Conzett, P., Johansen, Å. M. og Sollid, H. (2011) 'Genus og substantivbøying i nordnorske språkkontaktområder', *Nordand: Nordisk tidsskrift for andrespråksforskning*, 6, s. 7–43.
- Johannessen, J. B., & Larsson, I. (2015). Complexity matters: On gender agreement in heritage Scandinavian. *Frontiers in Psychology*, 6(1842). <https://doi.org/10.3389/fpsyg.2015.01842>

- Johannessen, J. B., & Larsson, I. (2018). Stability and change in grammatical gender: Pronouns in heritage Scandinavian. *Journal of Language Contact*, 11(3), 441–480. <https://doi.org/10.1163/19552629-01103004>
- Lohndal, T., & Westergaard, M. (2016). Grammatical gender in American Norwegian Heritage Language: Stability or Attrition? *Frontiers in Psychology*, 7(344). <https://doi.org/10.3389/fpsyg.2016.00344>
- Lødrup, H. (2011). Hvor mange genus er det i Oslo-dialekten? *Maal og minne*, 103(2), 120–136.
- Rodina, Y., & Westergaard, M. (2015). Grammatical Gender in Norwegian: Language Acquisition and Language Change. *Journal of Germanic Linguistics*, 27(2), 145–187. <https://doi.org/10.1017/S1470542714000245>
- Rødvand, L. I. S. (2017). Empirical investigations of grammatical gender in American Heritage Norwegian [Masteroppgåve, Universitetet i Oslo].